



Arkivnr: 2014/16565-2

Saksbehandlar: Nils E Grude

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		

Klage på avslag om søknad om graveløyve i Fv 264, Vetrilidsalmenningen, for reparasjon av brot på avløpsledning

Samandrag

I samband med brot på spillvassledning frå Centralkirken vert det søkt om graveløyve på Vetrilidsalmenningen. Graving på Vetrilidsalmenningen medfører at Riksantikvaren må gå gjennom gravemassane. Dette vil ta tid, og krev ca. 10 dagars innsats frå Riksantikvaren. Statens vegvesen avslår søknad om graveløyve på Vetrilidsalmenning ut frå framkomstproblem, særleg i turistbusseongen, og problem som vil kunne oppstå ved stenging av trafikk over Bryggen, og Øvregaten og Vetrilidsalmenningen må nyttast som omkøyringsveg. Statens vegvesen viser til at Centralkirken heller bør knyte seg til spillvassnett i Finnegårdsgaten. Metodistkirken i Norge/Centralkirken klagar på avslaget frå Statens vegvesen og viser m.a. til dei kostnadane ei omlegging av spillvassledning inne i bygningen vil føre med seg.

Fylkesrådmannen tilrår at Centralkirken får løyve til å sette i gang graving etter at turistsesongen er over, i oktober 2014, under føresetnad av at alle løyver er på plass frå Riksantikvaren si side. Og vidare at dette skjer innanfor ein periode på 4 veker då det ikkje ligg føre løyve til stenging av trafikken over Bryggen. Avtale om starttidspunkt for gravinga må innhenta av Statens vegvesen.

Forslag til vedtak

Klagenemnda gir løyve til at Metodistkirken i Norge/ Centralkirken i Bergen får sette i gang med graving i Vetrilidsalmenningen for å reparere brot på spillvassledning. Løyve til graving vert gjeve under føresetnad at graving finn stad innanfor 4 veker og oppstart i oktober 2014, i ein periode då det ikkje er gjeve løyve til stenging av trafikken over Bryggen. Før graving vert iverksett må alle løyver frå Riksantikvaren vere på plass. Vidare må avtale om tidspunkt for gravestart vere innhenta av Statens vegvesen.

Johnny Stiansen
Fungerande fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 16.06.2014

Statens vegvesen sender i brev av 13.05.2014 over klage på avslag om graveløyve i gateløpet utanfor Vetrilidsalmenningen 8 til avgjerd i klagenemnda (sjå vedlegg).

Bakgrunn for saka

På vegne av Metodistkirken i Norge/Bergen Eiendomsforvaltning A/S (BEFAS) sender Tertnes Entreprenør AS søknad datert 12.03.14 om graveløyve i Vetrilidsalmenningen (dok. 1 og 2) for, som det framgår av brev av 28.03.14 frå BEFAS, å reparere brot på spillvassledning frå Sentralkirken.

Statens vegvesen avslår i brev av 19.03.14 søknaden om graveløyve (dok 2). Avslaget frå Statens vegvesen vert grunngjeve med at dei ikkje ønskjer omfattande grave- og anleggsarbeid i Vetrilidsalmenningen. Dette av omsyn til vegdekket i gata og omsyn til trafikkavviklinga. Statens vegvesen viser i brevet at det er usikkert kor lang tid det vil ta for å grave ei djup grøft ned i massane i gata og som så må undersøkjast av Risksantikvaren. Det vert vist til at det i løpet av våren og sommaren er bruk for heile trafikkkarealet på Vetrilidsalmenningen, og at almenningen er einaste omkøyringsveg når Bryggen til tider er stengt.

I brevet frå Statens vegvesen av 19.03.14 tilrår dei at Sentralkirken avklårar om det er mogleg å etablere spillvassledning mot etablert offentleg avløpanlegg i Finnegårdsgaten (parallellgate med Vetrilidsalmenningen).

I klaga av 28.03.14 på avslaget frå Statens vegvesen skriv BEFAS på vegne av Metodistkirken i Norge/Sentralkirken (dok 3, side 2) at det ikkje er noko som skulle tyde på at arbeidet skal måtte pågå lengre enn tre dagar. Dette byggjer dei på e-post av 27.03.14 frå VITEK (dok3, side 49). Dei viser og til at det er gitt løyve frå Riksantikvaren. Når det gjeld innspelet frå Statens vegvesen om å flytte ledningstraséen til Finnegårdsgaten viser dei til at forslaget vil føre med seg total omlegging av spillvassledningane innvendig i bygningen og at kostnadane då vil bli svært høge, og uaktuelt for Sentralkirken å dekke kostnadane.

Statens vegvesen ber i brev av 22.04.14 til Riksantikvaren (dok. 6) om å få nærare informasjon om kva gravinga på Vetrilidsalmenningen vil få både med omsyn på areal som må gravast opp og tidsbruk. Riksantikvaren svarar i e-post av 28.04.14 (dok. 7) at det ikkje ligg føre endeleg vedtak om dispensasjon frå kulturminneloven, og at det difor ikkje er utarbeidd berekningar for tidsbruk og kostnader. Men i slutten av e-posten viser Riksantikvaren til at gravearbeidet kan ta inntil 10 dagar.

Tilråding frå Statens vegvesen

I oversendingsbrevet frå Statens vegvesen av 13.05.14 med klage på avslaget er det ein gjennomgang av saka som det framgår ovanfor. I vurderingsdelen i slutten av oversendingsbrevet viser Statens vegvesen til framkomstproblem på Vetrilidsalmenningen, og at det er i tida mars/april til oktober at det største problemet ligg. Når det gjeld anleggstida vurderar Statens vegvesen til at det kan gå opp til 4 veker frå ein startar opp med gravinga til brusteinen er på plass att. Statens vegvesen er heller ikkje nøgd med beskrivinga av den tekniske gjennomføringa av gravearbeidet. Når det gjeld arealet som må avsperrast, så meiner Statens vegvesen at dette vil bli langt større enn det som går fram av gravesøknaden. Ut frå ei vurdering av trafikksituasjonen og den tekniske gjennomføringa av arbeidet tilrår Statens vegvesen at det vert gjeve avslag på søknaden om graveløyve.

Fylkesrådmannen sine merknader

Fylkesrådmannen ser at Sentralkirken har kome opp i ein vanskeleg situasjon i samband med brotet på spillvassledninga i bakken under Vetrilidsalmenning. Å gjere om på spillvassledningsnett i bygningsskomplekset til Sentralkirken for å kunne knyte seg til det kommunale ledningsnett i Finnegårdsgaten synes å vere ei løysing som vil bli både dyr og tidkrevjande.

Fylkesrådmannen tilrår at Metodistkirken i Norge/Centralkirken får løyve til å sette i gang graving etter at turistsesongen er over, altså i oktober 2014, under føresetnad av at alle løyver er på plass frå Riksantikvaren si side. Og vidare at dette skjer innanfor ein periode på 4 veker, og at i denne perioden ikkje ligg føre løyve til stenging av trafikken over Bryggen. Avtale om starttidspunkt for gravinga må innhentast av Statens vegvesen.